



DET KONGELEGE
FORSVARSDEPARTEMENT

Prop. 16 S

(2018–2019)

Proposisjon til Stortinget (forslag til stortingsvedtak)

Endringar i statsbudsjettet 2018 under Forsvarsdepartementet

*Tilråding frå Forsvarsdepartementet 23. november 2018,
godkjend i statsråd same dagen.
(Regjeringa Solberg)*

1 Føremål og hovudoversikt

1.1 Prioriteringar

I denne proposisjonen foreslår regjeringa naudsynte endringar i forsvarsbudsjettet for 2018. I tillegg kjem forslag om meirinntekter for 2018 og tilbakelevering av midlar til statskassa.

Regjeringa foreslår at 288 mill. kroner blir omdisponerte til forsering av etableringa av kampflybasen på Ørland. Vidare foreslår regjeringa at 110 mill. kroner nyttast til innkjøp av beredskapsbeholdningar for å betre materiell- og forsyningsstatusen til Forsvaret.

Vidare er det behov for å forsere grunnsikringa av Etterretningstenestas etablissement på Lutvann, og 45 mill. kroner er foreslått flytta til dette føremålet. Midlar til seglingsaktiviteten i Sjøforsvaret er også foreslått auka med 30 mill. kroner. I tillegg er Cyberforsvaret foreslått styrkt med 19 mill. kroner for å betre tryggleikstilstanden til Forsvarets IKT-infrastruktur.

Under øvinga *Trident Juncture* yt Noreg logistikkstøtte til allierte som skal betalast tilbake av dei deltakande nasjonane. Logistikkstøtta er knytte til drivstoff, proviant, forlegning, kjøp av tenestar og forbruksmateriell. I samband med at delar av innbetalingane frå dei deltakande nasjo-

nane ikkje kjem før i 2019, foreslår regjeringa å omdisponere 216 mill. kroner til dette føremålet i 2018.

1.2 Føremål

For å skape best mogleg samsvar mellom løyvingane under dei einskilde kapittel og postar, og endringar i budsjettføresetnadene som har skjedd sidan budsjettet blei vedtatt legg regjeringa fram forslag om endringar i løyvingar i forsvarsbudsjettet for 2018.

På grunn av den komplekse samansettinga av kapitla, med svært variable storleikar, er omgrupperingsproposisjonen eit naudsynt verktøy for å legge til rette for god økonomistyring i forsvarssektoren. Tiltak for å møte endringar i føresetnadene som oppstår i gjennomføringsåret, er såleis handsama, samla og formaliserte på rett måte. Regjeringa er opptatt av å halde omfanget av omgrupperingane på eit så lågt nivå som mogleg, samstundes som at kravet om realistisk budsjettering blir handsama.

Totalt utgjør omgrupperinga for 2018 ein foreslått auke i løyvinga til Forsvarsdepartementet på 1 142,193 mill. kroner. I tillegg foreslår regjeringa å auke ei bestillingsfullmakt med 25 mill. kroner.

1.3 Tilleggsløyving KNM Helge Ingstad

Fregatten KNM Helge Ingstad kolliderte den 8. november med tankskipet Sola TS. Skadane på fregatten blei omfattande.

Omfanget av skadane og utgiftene ved å eventuelt sette fartøyet i stand igjen vil ikkje la seg estimere før KNM Helge Ingstad har blitt berga, transportert til Haakonvern og inspisert av egne personell. Det er likevel allereie openbart at det er omfattande. Nokon av utgiftene vil kome i 2018 og ytterligere utgifter vil kome i 2019. Det er berekna at sjølve berginga vil være ferdig innan utgangen av 2018.

Det er også lagt inn betydelege ressursar frå andre statlege etatar, kommunen og sivile aktørar i samband med havariet, blant anna Kystverket, Øygarden kommune, Politiet og DNV GL.

Det er på denne bakgrunn foreslått at forsvarsramma på kap. 1732 Sjøforsvaret blir auka med 50 mill. kroner i 2018.

1.4 Reduserte utgifter til operasjonar i utlandet

Lågare utgifter til operasjonane *Operation Inherent Resolve* (87,429 mill. kroner), NATO *Enhanced Forward Presence* (16,000 mill. kroner), Triton (15,500 mill. kroner), MINUSMA (13,000 mill. kroner), kapasitetsbygging i Sahel, Irak og Jordan (12,445 mill. kroner) og kapasitetsbyggingaktiviteten *Flintlock* i Sahel-regionen i Afrika (2,714 mill. kroner) er forventa å medføre eit mindrebehov på kap. 1792, post 01. Bakgrunnen er at operasjon Triton no er avvikla og dei andre nemnde operasjonane er blitt rimelegare enn budsjettet.

Det er på denne bakgrunnen foreslått at løyvinga på 1792, post 01, blir redusert med 147,088 mill. kroner i 2018.

1.5 Informasjonssak

Vurdering av basestruktur for mottak av allierte styrkar

Forsvarsdepartementet tok sikte på å orientere om status for arbeidet med korleis Forsvarets basestruktur og relevant sivil infrastruktur best kan nyttast for mottak av allierte styrkar i framtida i Prop. 1 S (2018–2019). Dette er eit komplekst og omfattande arbeid som har tatt lengre tid enn tidlegare forventa. Ein viktig årsak til forseinkingane, er knytte til dei pågåande oppdateringane av NATO og nære allierte sine forsterkingsplanar for Europa og Noreg, samt pågåande oppdateringar i nasjonale planar.

Forsvarsdepartementet vil komme tilbake til Stortinget på egne måte med meir informasjon når dei relevante vurderingane er ferdigstilte. Departementet tar sikte på at dette kan gjerast i løpet av våren 2019.

Inntil dette utgreiingsarbeidet er slutført vil det vere ei viss usikkerheit knytte til Forsvarets behov for infrastruktur for mottak av allierte forsterkningsstyrkar. Det vil difor også vere ei viss usikkerheit knytte til kva for premissar og krav som det vil vere aktuelt å stille overfor sivile verksemder som ønskjer å etablere seg på, eller i tilknytning til, infrastruktur og basar der Forsvaret ikkje lenger vil ha drift i fredstid. Forsvarsdepartementet er opptatt av å finne konstruktive og fleksible løysingar, sjølv om Forsvarets behov enno ikkje er heilt avklart.

1.6 Grunnlaget for omgrupperinga

1.6.1 Økonomisk grunnlag

Grunnlaget for omgrupperinga er vedtatt budsjett for 2018, midlar overførte frå 2017 og seinare endringar gjort av Stortinget. Det er også tatt omsyn til forsvarssektoren sin del av lønskompensasjonen for 2018.

Tabell 1.1 Disponible midlar på utgiftssida, før omgruppering 2018, kjem fram slik (i 1 000-kroner):

Saldert budsjett for 2018	54 945 177
Innst. 400 S (2017–2018) til Prop. 85 S (2017–2018) <i>Tilleggsbevilgninger og omprioriteringer i statsbudsjettet 2018 (RNB)</i>	317 922
Budsjettmessige verknadar av lønsoppgjøret i det statlege tariffområdet i 2018	420 036
= Løyvingar før omgrupperinga	55 683 135
+ Midlar overførte frå 2017	1 572 176
= Disponible midlar i 2018 før omgrupperinga	57 255 311

Tabell 1.2 Løyvingar på inntektssida, før omgruppering 2018, kjem fram slik (i 1 000-kroner):

Saldert budsjett for 2018	5 588 925
Innst. 400 S (2017–2018) til Prop. 85 S (2017–2018) <i>Tilleggsbevilgninger og omprioriteringer i statsbudsjettet 2018 (RNB)</i>	253 533
= Løyvingar før omgrupperinga	5 842 458

1.6.2 Inntekter i 2018

I høve til saldert budsjett for 2018, med endringane gjort av Stortinget i Revidert nasjonalbudsjett for 2018, er det ei meirinntekt på 1 239,281 mill. kroner. Meirinntektene inneber ein parallell auke av utgiftsramma, jf. Forsvarsdepartementets generelle meirinntektsfullmakt i Innst. 7 S (2017–2018) til Prop. 1 S (2017–2018) under

romartalsvedtak II. Auken på inntekts- og utgiftssida er innarbeidd og beskriven i detalj under pkt. 2 under.

1.6.3 Løyvingsbehov

Tala i tabellane nedanfor viser løyvingsbehov knytte til omgrupperinga for 2018.

Tabell 1.3 Løyvingsbehov på utgiftssida i samband med omgrupperingsproposisjonen er slik (i 1 000-kroner):

Auke på utgiftssida på grunn av meirinntekter førte til utgiftssida	1 239 281
Reduserte utgifter til operasjonar i utlandet	-147 088
Tilleggsloøyvingar	50 000
= Sum behov ved omgrupperinga	1 142 193
+ Løyvingar før omgrupperinga	55 683 135
= Løyvingar etter omgrupperinga	56 825 328
+ Midlar overførte frå 2017	1 572 176
= Samla disponible midlar i 2018 etter omgrupperinga	58 397 504

Tabell 1.4 Løyvingsbehovet på inntektssida i samband med omgrupperingsproposisjonen er slik (i 1 000-kroner):

Meirinntekter i omgrupperinga	1 239 281
+ Løyvingar før omgrupperinga	5 842 458
= Løyvingar etter omgrupperinga	7 081 739

På bakgrunn av dette foreslår regjeringa under forslag til vedtak, at utgiftsramma blir auka med

1 142,193 mill. kroner, og at inntektsramma blir auka med 1 239,281 mill. kroner.

2 Forslag til utgifts- og inntektsendringar på kapittelnivå

Kap. 1700 Forsvarsdepartementet

		(i 1 000 kr)		
Post	Kategori	Saldert budsjett 2018	Løyving før omgruppering	Løyving etter omgruppering
01	Driftsutgifter	801 119	822 565	837 323
43	Til disposisjon for Forsvarsdepartementet	10 022	10 022	1 022
78	Noregs tilskott til NATO sitt og internasjonale driftsbudsjett	305 523	243 520	173 520

Post 01 Driftsutgifter

Løyvinga på posten er foreslått netto auka med 14,758 mill. kroner grunna tilsvarande inntektsauke på kap. 4700, post 01, og gjeld hovudsakleg auka brukarbetaling på tenester leverte av Forsvarsdepartementet.

Post 43 Til disposisjon for Forsvarsdepartementet

Løyvinga på posten er foreslått redusert med 9,000 mill. kroner

Posten består av midlar som er disponerte av forsvarsministeren til spesielle behov som krev rask avklaring og som oppstår i løpet av året. Der- som midlane ikkje blir nytta, blir dei foreslått stilte til disposisjon for å balansere andre kapittel under Forsvarsdepartementet.

Posten er foreslått redusert med:

- 8,500 mill. kroner knytte til Noregs logistikkstøtte til allierte på øvinga *Trident Juncture* 2018. Midlane er foreslått omdisponerte til kap. 1720, post 01.
- 0,500 mill. kroner knytte til å arrangere NATO *Distinguished Visitors Day* på øvinga *Trident Juncture* 2018. Midlane er foreslått omdisponerte til kap. 1720, post 01.

Post 78 Noregs tilskott til NATO sitt og internasjonale driftsbudsjett

Løyvinga på posten er foreslått redusert med 70,000 mill. kroner knytte til reduserte innbetalingar til NATO i 2018. Innbetalingane i 2018 er forventta å bli lågare enn det som var føresett på budsjetteringstidspunktet og midlane er difor foreslått omdisponerte til kap. 1720, post 01.

Kap. 4700 Forsvarsdepartementet

		(i 1 000 kr)		
Post	Kategori	Saldert budsjett 2018	Løyving før omgruppering	Løyving etter omgruppering
01	Driftsinntekter	25 145	25 145	39 903

Post 01 Driftsinntekter

Løyvinga på posten er foreslått netto auka med 14,758 mill. kroner.

Posten er foreslått auka med:

- 10,500 mill. kroner knytte til meirinntekter frå brukarbetaling for Nasjonalt BEGRENSET Nett.

- 4,258 mill. kroner i meirinntekter knytte til Senter for integritet i forsvarssektorens prosjekt på Vest-Balkan. Meirinntektene skuldast at Utanriksdepartementet ønsker ein overgang frå belastningsfullmakt til fakturering av utgifter.

Meirinntektene fører med seg ein parallell auke av utgiftsramma, jf. Forsvarsdepartementets generelle meirinntektsfullmakt.

Kap. 1710 Forsvarsbygg og nybygg og nyanlegg

(i 1 000 kr)

Post	Kategori	Saldert budsjett 2018	Løyving før omgruppering	Løyving etter omgruppering
47	Nybygg og nyanlegg	2 706 455	2 706 455	2 263 001

Post 47 Nybygg og nyanlegg

Løyvinga på posten er foreslått netto redusert med 443,454 mill. kroner.

Posten er foreslått redusert med:

- 288,000 mill. kroner til prioriterte aktivitetar knytte til etablering av kampflybase på Ørland. Midlane er foreslått omdisponerte til kap. 1761, post 47.

- 110,454 mill. kroner knytte til Noregs logistikkstøtte til allierte på øvinga *Trident Juncture* 2018. Midlane er foreslått omdisponerte til kap. 1720, post 01 jf. omtale der.
- 45,000 mill. kroner knytte til forsering av grunnsikring av Etterretningstenestas etablissement på Lutvann leir. Midlane er foreslått omdisponerte til kap. 1735, post 01.

Kap. 4710 Forsvarsbygg og nybygg og nyanlegg

(i 1 000 kr)

Post	Kategori	Saldert budsjett 2018	Løyving før omgruppering	Løyving etter omgruppering
01	Driftsinntekter	3 657 419	3 657 419	3 644 919
47	Sal av eigedom	503 574	503 574	516 074

Post 01 Driftsinntekter

Løyvinga på posten er foreslått redusert med 12,500 mill. kroner. I samband med ei forliksavtale mellom Forsvarsbygg og Avinor AS blei det bestemt at tidlegare for mykje innbetalt husleige skulle refunderast til Avinor AS. Forliksavtala gjeld eit omtvista areal ved Flesland lufthamn Bergen. Arealet er nå selt til Avinor AS med ei tilsvarende meirinntekt på kap. 4710, post 47.

Post 47 Sal av eigedom

Løyvinga på posten er foreslått auka med 12,500 mill. kroner knytte til at Forsvarsbygg har inngått ei forliksavtale med Avinor AS om sal av eit omtvista areal ved Flesland lufthamn Bergen.

Inntektsendringane gjer inga endring av utgiftsramma.

Kap. 1720 Felleskapasitetar i Forsvaret

(i 1 000 kr)

Post	Kategori	Saldert budsjett 2018	Løyving før omgruppering	Løyving etter omgruppering
01	Driftsutgifter	9 609 482	9 750 057	10 877 017

Post 01 Driftsutgifter

Løyvinga på posten er foreslått netto auka med 1 126,960 mill. kroner.

Posten er foreslått auka med:

- 899,632 mill. kroner knytte til meirinntekter på kap. 4720, post 01. Desse inntektene kjem frå ulike kjelder og har alle ei tilsvarande utgift, jf. omtale under kap. 4720, post 01.
- 216,000 mill. kroner knytte til Noregs logistikkstøtte til allierte på øvinga *Trident Juncture* 2018. Logistikkstøtta er knytte til drivstoff, proviant, forlegning og diverse forbruksmateriell. Desse utgiftene skal betalast av deltakande nasjonar, men delar av refusjonane kjem ikkje til inntekt før i 2019. Midlar er difor foreslått omdisponerte frå kap. 1700, post 43 (8,500 mill. kroner), kap. 1700, post 78 (70,000 mill. kroner), kap. 1710, post 47 (110,454 mill. kroner) og kap. 4760, post 48 (27,046 mill. kroner) for å dekkje desse meirutgiftene.
- 110,000 mill. kroner knytte til oppbygging av Forsvarets beredskapsbeholdningar for å skape eit betre grunnlag for å heve materiell- og forsyningsstatusen på styrkestrukturen. Midlane er foreslått omdisponerte frå meirinntekter knytte til refusjonar frå NATO, jf. omtale under kap. 4760, post 48.
- 94,312 mill. kroner gjeld forsinka refusjonar knytte til øvinga *Trident Juncture* 2018. Midlane er foreslått omdisponerte frå kap. 1733, post 01.
- 30,720 mill. kroner knytte til midlar til vedlikehalds-, reserve- og beredskapsmateriell til Forsvarets logistikkorganisasjon. Midlane er foreslått omdisponerte frå kap. 1732, post 01 (14,000 mill. kroner), kap. 1733, post 01 (5,400 mill. kroner) og kap. 1734, post 01 (11,320 mill. kroner).
- 28,203 mill. kroner knytte til gjennomført interneffektivisering. Effektiviseringskravet blei i utgangspunktet lagt på Forsvarets logistikkorganisasjon på kap. 1720, post 01. Effektiviseringa er gjennomført gjennom ulike tiltak som treff fleire av Forsvarets kapittel og poster, og effektiviseringsvinsten er foreslått tilbakeført til kap. 1720, post 01 for å redusere det opphavlege trekket. Midlane er foreslått omdisponerte frå kap. 1731, post 01 (12,139 mill. kroner), kap. 1732, post 01 (5,936 mill. kroner), kap. 1733, post 01 (6,544 mill. kroner), 1734, post 01 (3,263 mill. kroner) og 1735, post 01 (0,321 mill. kroner).
- 22,512 kroner knytte til at ny berekningsmodell for personleg kledning og utrusting er innført i

Forsvaret. Det er difor behov for å endre fordelinga av midlar knytte til dette. Midlane er foreslått omdisponerte med følgjande endringar: kap. 1731, post 01 (-1,993 mill. kroner), kap. 1732, post 01 (-0,009 mill. kroner), kap. 1733, post 01 (-18,618 mill. kroner), kap. 1735, post 01 (-0,094 mill. kroner), kap. 1790, post 01 (2,554 mill. kroner), kap. 1791, post 01 (-0,080 mill. kroner) og kap. 1792, post 01 (-4,272 mill. kroner).

- 18,800 mill. kroner knytte til behov for å betre tryggleikstilstanden på Forsvarets IKT-infrastruktur. Midlane er foreslått omdisponerte frå meirinntekter knytte til refusjonar frå NATO, jf. omtale under kap. 4760, post 48.
- 11,135 mill. kroner knytte til tenestetillegg for personell og elevar som høyrer til på Luftforsvarets befalsskole, som organisatorisk ligg under Forsvarets høgskule. Midlane er foreslått omdisponerte frå kap. 1733, post 01.
- 10,000 mill. kroner knytte til reparasjon av køyretøy etter at ein garasje rasa saman i vinter grunna store mengder snø. Midlane er foreslått omdisponerte frå meirinntekter knytte til refusjonar frå NATO, jf. omtale under kap. 4760, post 48.
- 7,800 mill. kroner knytte til at batterifabrikken i Horten, som produserer batteri for Forsvaret til undervassbåtar i ULA-klassen, er overførte til Forsvarets logistikkorganisasjon. Forsvarsdepartementet foreslår at midlar til drift og vedlikehald av bygningsmassen omdisponerast tilsvarande. Midlane er foreslått omdisponerte frå kap. 1732, post 01.
- 7,100 mill. kroner knytte til anskaffing av ny 12,7 mm våpenplattform til Forsvarets spesialstyrkar. Midlane er foreslått omdisponerte frå kap. 1733, post 01 (7,073 mill. kroner) og kap. 1791, post 01 (0,027 mill. kroner).
- 6,598 mill. kroner til oppretting av finansiering av horisontal samhandel. Midlane er foreslått omdisponerte frå kap. 1731, post 01 (3,633 mill. kroner), kap. 1734, post 01 (1,902 mill. kroner), kap. 1735, post 01 (0,793 mill. kroner) og kap. 1791, post 01 (0,270 mill. kroner).
- 6,300 mill. kroner knytte til at auka alliert aktivitet medfører behov for vakt og sikring. Midlane er foreslått omdisponerte frå kap. 1733, post 01.
- 6,240 mill. kroner knytte til at drifta av kommunikasjonssystema Krypto og HF radiosystem blei overførte frå Luftforsvaret til Cyberforsvaret frå 1. januar 2018. Midlane er foreslått omdisponerte frå kap. 1733, post 01.
- 5,000 mill. kroner gjeld administrative utgifter for Forsvarsbygg knytte til øvinga *Trident*

- Juncture* 2018. Forsvarsbygg vil fakturere Forsvaret i 2018. Midlane er foreslått omdisponerte frå meirinntekter knytte til refusjonar frå NATO, jf. omtale under kap. 4760, post 48.
- 3,919 mill. kroner knytte til prosjekta Tilrettelegging av data som blei overført til Forsvarsmateriell i 2017 og Logistikkprogrammet som blei lagde ned i 2017. Forsvarets fellestenestar på kap. 1720, post 01, har betalt fakturaer knytte til desse prosjekta i 2018. Midlane er foreslått omdisponerte frå meirinntekter knytte til refusjonar frå NATO, jf. omtale under kap. 4760, post 48.
 - 1,950 mill. kroner knytte til forskingsprosjektet Sjømakt 2040: Geopolitisk utvikling og det maritime domenet. Midlane er foreslått omdisponerte frå kap. 1732, post 01.
 - 1,821 mill. kroner knytte til sal av konsulenttenestar frå Forsvarets fellestenestar og Cyberforsvaret i 2017. Midlane er foreslått omdisponerte frå kap. 1760, post 01 (0,621 mill. kroner) og kap. 1760, post 45 (1,200 mill. kroner).
 - 1,700 mill. kroner knytte til tryggleiksgodkjenning og brukargodkjenning av informasjonssystem i Forsvaret. Midlane er foreslått omdisponerte frå meirinntekter knytte til refusjonar frå NATO, jf. omtale under kap. 4760, post 48.
 - 1,675 mill. kroner knytte til at Luftkrigsskulen, som ligg organisatorisk under Forsvarets høghøgskule, i 2018 har tatt opp fem ekstra studentar til grunnleggjande offisersutdanning. Midlane er foreslått omdisponerte frå kap. 1733, post 01.
 - 1,620 mill. kroner knytte til at studentar frå Hæren har deltatt på masterstudiet ved *Naval Postgraduate School in Monterey* i USA. Midlane er foreslått omdisponerte frå kap. 1731, post 01.
 - 1,130 mill. kroner knytte til at Forsvarets personell- og vernepliktssenter og Forsvarsmateriell har inngått ei avtale om at Forsvarsmateriell skal dekkje meirutgifter knytte til tenesteleveransar frå Forsvaret innanfor HR- og lønsområdet. Midlane er foreslått omdisponerte frå kap. 1760, post 01.
 - 1,118 mill. kroner knytte til at Forsvarets etterretningshøgskule blei vedtatt omgjort til våpenskule og lagd under Etterretningsstenesta. Fleire utgifter knytte til Forsvarets etterretningshøgskule har blitt belasta kap. 1720, post 01. Midlane er foreslått omdisponerte frå kap. 1735, post 21.
 - 1,000 mill. kroner knytte til konsulentstøtte i samband med utarbeiding av ein digitaliseringsstrategi for Forsvaret. Midlane er foreslått omdisponerte frå kap. 1733, post 01.
 - 0,834 mill. kroner knytte til at vernepliktig personell frå Hæren har deltatt på kurs ved Forsvarets sanitet. Midlane er foreslått omdisponerte frå kap. 1731, post 01.
 - 0,700 mill. kroner knytte til å arrangera NATO *Distinguished Visitors Day* på øvinga *Trident Juncture* 2018. Midlane er foreslått omdisponerte frå kap. 1700, post 43 (0,500 mill. kroner) og kap. 4760, post 48 (0,200 mill. kroner).
 - 0,480 mill. kroner knytte til at Oslo Garnisonsforvaltning utdannar vernepliktige mannskapar til HV-02. Midlane er foreslått omdisponerte frå kap. 1734, post 01.
 - 0,450 mill. kroner knytte til at Ramsund orlogsstasjons utføring av vakt- og sikringsoppdrag for Forsvarets personell- og vernepliktssenter i Storgata 40 i Harstad er avslutta. Midlane er foreslått omdisponerte frå kap. 1732, post 01.
 - 0,426 mill. kroner knytte til den årlege felt- og skarpskytingsøvinga Rein for Hæren. Midlane er foreslått omdisponerte frå kap. 1731, post 01.
 - 0,100 mill. kroner knytte til at ein klinisk ernæringsfysiolog er overført frå Forsvarsmateriell til Forsvarets sanitet. Midlane er foreslått omdisponerte frå kap. 1760, post 01.
- Posten er foreslått redusert med:
- 238,600 mill. kroner knytte til at midlar til fellesøvingar i utgangspunktet er budsjetterte på kap. 1720, post 01. I løpet av budsjettåret blir midlane fordelte i samsvar med planane for deltaking på fellesøvingane. Midlane er foreslått omdisponerte til kap. 1731, post 01 (161,000 mill. kroner), kap. 1732, post 01 (27,800 mill. kroner), kap. 1733, post 01 (31,800 mill. kroner) og kap. 1734, post 01 (18,000 mill. kroner).
 - 65,000 mill. kroner knytte til at utanlandske og nasjonale styrkar som deltek på øvinga *Trident Juncture* 2018 har behov for vakthald og sikring. Midlane er foreslått omdisponerte til kap. 1732, post 01 (3,605 mill. kroner) og kap. 1734, post 01 (61,395 mill. kroner).
 - 36,023 mill. kroner knytte til at sensoravdelinga i Cyberforsvaret er flytta til Luftforsvaret. Midlane er foreslått omdisponerte til kap. 1733, post 01.
 - 20,000 mill. kroner knytte til auka seglingsaktivitet, jf. omtale under kap. 1732, post 01. Midlane er foreslått omdisponerte til kap. 1732, post 01.
 - 4,717 mill. kroner knytte til husleige på Alliert treningssenter på Åsegarden. Treningssenteret er overført frå Forsvarets operative hovudkvarter til Hæren pr. 1. august 2018. Midlane er foreslått omdisponerte til kap. 1731, post 01.

- 2,332 mill. kroner knytte til nedlegging av ordninga med utskrevet befall, jf. omtale under kap. 1732, post 01. Midlane er foreslått omdisponerte til kap. 1732, post 01.
- 1,717 mill. kroner knytte til yrkesskadeforsikring. Midlane er foreslått omdisponerte til kap. 1760, post 01.
- 1,025 mill. kroner knytte til grunnlønsumgifter for personell i internasjonale operasjonar, jf. omtale under kap. 1792, post 01. Midlane er foreslått omdisponerte til kap. 1792, post 01.
- 1,003 mill. kroner knytte til at Forsvaret gjer ei omorganisering av kommunikasjonsverksemda. Føremålet med omorganiseringa er å etablere ein meir robust, effektiv og koordinert kommunikasjonsorganisasjon. Midlane er foreslått omdisponerte til kap. 1733, post 01 (0,103 mill. kroner) og kap. 1734, post 01 (0,900 mill. kroner).
- 0,785 mill. kroner knytte til endring i styrkebidrag til øvinga *Trident Juncture* 2018. Midlane er foreslått omdisponerte til kap. 1731, post 01.
- 0,600 mill. kroner knytte til Forsvarets medverking til kurssenter for førebyggjande tryggleik. Midlane er foreslått omdisponerte til kap. 1723, post 01.
- 0,500 mill. kroner knytte til at Hærens våpenskole gjennomfører vinterkurs for allierte. Midlane er foreslått omdisponerte til kap. 1731, post 01.
- 0,013 mill. kroner knytte til innføring av ein ny berekningsmodell for personleg kledning og utrusting i Forsvaret, jf. omtale under kap. 1732, post 01. Midlane er foreslått omdisponerte til kap. 1732, post 01

Kap. 4720 Felleskapasitetar i Forsvaret

(i 1 000 kr)

Post	Kategori	Saldert budsjett 2018	Løyving før omgruppering	Løyving etter omgruppering
01	Driftsinntekter	224 107	318 360	1 217 992

Post 01 Driftsinntekter

Løyvinga på posten er foreslått auka med 899,632 mill. kroner.

Posten er foreslått auka med:

- 882,000 mill. kroner knytte til refusjonar i samband med sal til deltagande nasjonar i samband med øvinga *Trident Juncture* 2018.
- 12,000 mill. kroner knytte til sal i samband med Norsk *Military Tattoo* og billettsal ved Forsvarets museum og Forsvarets musikk.
- 3,650 mill. kroner knytte til sal ved Forsvarets messer og sal av garnisonstenestar.
- 2,600 mill. kroner knytte til refusjonar frå Bergans Fritid AS som følgje av feil fakturering.

Posten er foreslått redusert med:

- 0,618 mill. kroner knytte til inntekter frå alliert treningssenter på Åsegarden. Treningssentret er overført frå Forsvarets operative hovudkvarter til Hæren pr. 1. august 2018. Midlane er foreslått omdisponerte til kap. 4731, post 01.

Meirinntektene fører med seg ein parallell auke av utgiftsramma, jf. Forsvarsdepartementets generelle meirinntektsfullmakt.

Kap. 1723 Nasjonalt tryggingsorgan

(i 1 000 kr)

Post	Kategori	Saldert budsjett 2018	Løyving før omgruppering	Løyving etter omgruppering
01	Driftsutgifter	268 947	282 813	305 013

Post 01 Driftsutgifter

Løyvinga på posten er foreslått netto auka med 22,200 mill. kroner.

Posten er foreslått auka med:

- 21,600 mill. kroner grunna tilsvarende inntektsauke på kap. 4723, post 01, og gjeld hovudsakleg auka brukarinntekter.

- 0,600 mill. kroner knytte til Forsvarets medverking til kurssenter for førebyggjande tryggleik. Midlane er foreslått omdisponerte frå kap. 1720, post 01.

Kap. 4723 Nasjonalt tryggingsorgan

(i 1 000 kr)

Post	Kategori	Saldert budsjett 2018	Løyving før omgruppering	Løyving etter omgruppering
01	Driftsinntekter	11 618	11 618	33 218

Post 01 Driftsinntekter

Løyvinga på posten er foreslått netto auka med 21,600 mill. kroner.

Posten er foreslått auka med:

- 8,600 mill. kroner knytte til brukarbetaling i samband med tryggingsgodkjenning.
- 3,500 mill. kroner knytte til meirinntekter frå betalende medlemar og partnarar i Nasjonal tryggingsorgan *Norwegian Computer Emergency Response Team*.

- 3,400 mill. kroner knytte til resterande refusjonar og vidarefakturering.
- 3,200 mill. kroner knytte til resterande brukarbetaling.
- 2,900 mill. kroner knytte til innbetalingar av konferanseinntekter og kursavgifter.

Meirinntektene fører med seg ein parallell auke av utgiftsramma, jf. Forsvarsdepartementets generelle meirinntektsfullmakt.

Kap. 1731 Hæren

(i 1 000 kr)

Post	Kategori	Saldert budsjett 2018	Løyving før omgruppering	Løyving etter omgruppering
01	Driftsutgifter	5 066 104	5 205 315	5 355 927

Post 01 Driftsutgifter

Løyvinga på posten er foreslått netto auka med 150,612 mill. kroner.

Posten blir foreslått auka med:

- 161,000 mill. kroner knytte til at midlar til fellesøvingar i utgangspunktet er løyvd sentralt, jf. omtale under kap. 1720, post 01. I løpet av budsjettåret blir midlane fordelte i samsvar med planane for deltaking på fellesøvingane. Midlane er foreslått omdisponerte frå kap. 1720, post 01.
- 9,460 mill. kroner knytte til auka regulativløn som følgje av høgare lønstrinn i internasjonale

operasjonar. Midlane er foreslått omdisponerte frå kap. 1792, post 01

- 4,717 mill. kroner knytte til husleige på Alliert treningssenter på Åsegarden. Treningssenteret er overført frå Forsvarets operative hovudkvarter til Hæren pr. 1. august 2018. Midlane er foreslått omdisponerte frå kap. 1720, post 01.
- 0,785 mill. kroner knytte til endring i styrkebidrag til øvinga *Trident Juncture* 2018. Midlane er foreslått omdisponerte frå kap. 1720, post 01.
- 0,618 mill. kroner knytte til inntekter frå alliert treningssenter på Åsegarden. Endringa på inntektssida gir ei tilsvarende endring på utgifts-

- sida. Midlane er foreslått omdisponerte frå kap. 1720, post 01.
- 0,570 mill. kroner knytte til feilbelastningar av løn etter at Forsvarets kompetansesenter for objektsikring blei overført frå Hæren til Heimevernet 1. januar 2018. Midlane er foreslått omdisponerte frå kap. 1734, post 01.
 - 0,500 mill. kroner knytte til at Hærens våpenskole gjennomfører vinterkurs for allierte. Midlane er foreslått omdisponerte frå kap. 1720, post 01.
- Posten blir foreslått redusert med:
- 12,139 mill. kroner knytte til gjennomført intereffektivisering, jf. omtale under kap. 1720, post 01. Midlane er foreslått omdisponerte til 1720, post 01
 - 5,971 mill. kroner knytte til grunnlønsutgifter for personell i internasjonale operasjonar, jf. omtale under kap. 1792, post 01. Midlane er foreslått omdisponerte til kap. 1792, post 01.
 - 3,633 mill. kroner til oppretting av finansiering av horisontal samhandel, jf. omtale under kap. 1720, post 01. Midlane er foreslått omdisponerte til kap. 1720, post 01.
 - 1,993 mill. kroner knytte til ny berekningsmodell for personleg kledning og utrusting er innført i Forsvaret, jf. omtale under kap. 1720, post 01. Midlane er foreslått omdisponerte til kap. 1720, post 01.
 - 1,620 mill. kroner knytte til at studentar frå Hæren har deltatt på masterstudiet ved *Naval Postgraduate School in Monterey* i USA. Midlane er foreslått omdisponerte til kap. 1720, post 01.
 - 0,834 mill. kroner knytte til at vernepliktig personell frå Hæren har deltatt på kurs ved Forsvarets sanitet. Midlane er foreslått omdisponerte til kap. 1720, post 01.
 - 0,426 mill. kroner knytte til den årlege felt- og skarpskytingsøvinga Rein for Hæren. Midlane er foreslått omdisponerte til kap. 1720, post 01.
 - 0,422 mill. kroner knytte til at Forsvaret gjer ei omorganisering av kommunikasjonsverksemda. Føremålet med omorganiseringa er å etablere ein meir robust, effektiv og koordinert kommunikasjonsorganisasjon. Midlane er foreslått omdisponerte til kap. 1733, post 01.

Kap. 4731 Hæren

(i 1 000 kr)

Post	Kategori	Saldert budsjett 2018	Løyving før omgruppering	Løyving etter omgruppering
01	Driftsinntekter	90 456	90 456	91 074

Post 01 Driftsinntekter

Løyvinga på posten er foreslått auka med 0,618 mill. kroner knytte til inntekter frå alliert trenings-senter på Åsegarden. Midlane er foreslått omdisponerte frå kap. 4720, post 01.

Meirinntektene fører med seg ein parallell auke av utgiftsramma, jf. Forsvarsdepartementets generelle meirinntektsfullmakt.

Kap. 1732 Sjøforsvaret

(i 1 000 kr)

Post	Kategori	Saldert budsjett 2018	Løyving før omgruppering	Løyving etter omgruppering
01	Driftsutgifter	4 114 269	4 116 541	4 211 064

Post 01 Driftsutgifter

Løyvinga på posten er foreslått netto auka med 94,523 mill. kroner.

Posten er foreslått auka med:

- 50,000 mill. kroner knytte til berging av fregatten KNM Helge Ingstad etter hendinga.
- 30,000 mill. kroner gjeld økt segling knytte til forsterka, nasjonale operasjonar. Dette gjeld auka seglingsaktivitet pålagd av Forsvarets operative hovudkvarter, og er knytte til operative behov som ikkje er budsjetterte av Sjøforsvaret. Midlane er foreslått omdisponerte frå kap. 1720, post 01 (20,000 mill. kroner) og kap. 1733, post 01 (10,000 mill. kroner).
- 27,800 mill. kroner knytte til at midlar til fellesøvingar i utgangspunktet er løyvd sentralt, jf. omtale under kap. 1720, post 01. I løpet av budsjettåret fordelast desse midlane i samsvar med planane for deltaking på desse fellesøvingane. Midlane er foreslått omdisponerte frå kap. 1720, post 01.
- 4,400 mill. kroner knytte til nedlegging av ordninga med utskrevet befal. Utskrevet befalskurs var ei leiarutdanning for soldatar som var inne til førstegongsteneste. Det er behov for midlar til å oppretthalde ei anna utdanning ved KNM Harald Hårfagre. Midlane er foreslått omdisponerte frå kap. 1720, post 01 (2,332 mill. kroner) og kap. 1733, post 01 (2,068 mill. kroner).
- 4,200 mill. kroner knytte til utvida vakthald og sikring på Evenes flystasjon i oppstartinga av byggeperioden i samband med framtidige oppgåver. Midlane er foreslått omdisponerte frå kap. 1733, post 01.
- 3,980 mill. kroner knytte til auka drivstoffutgifter. Midlane er foreslått omdisponerte frå kap. 1733, post 01.
- 3,605 mill. kroner knytte til at utanlandske og nasjonale styrkar som deltar på øvinga *Trident Juncture* 2018 har behov for vakthald og sikring, jf. omtale på kap. 1720, post 01. Midlane er foreslått omdisponerte frå kap. 1720, post 01.
- 1,551 mill. kroner knytte til innføring av ein ny berekningsmodell for personleg kledning og utrusting i Forsvaret, der løyvinga til Sjøforsva-

ret blei for lav i 2018. Midlane er foreslått omdisponerte frå kap. 1720, post 01 (0,013 mill. kroner) og kap. 1733, post 01 (1,538 mill. kroner).

- 0,700 mill. kroner knytte til at Forsvaret omorganiserer kommunikasjonsverksemda. Føremålet med omorganiseringa er å etablere ein meir robust, effektiv og koordinert kommunikasjonsorganisasjon. Midlane er foreslått omdisponerte frå kap. 1735, post 01.

Posten er foreslått redusert med:

- 14,000 mill. kroner knytte til midlar til vedlikehalds-, reserve- og beredskapsmateriell til Forsvarets logistikkorganisasjon, jf. omtale under kap. 1720, post 01. Midlane er foreslått omdisponerte til kap. 1720, post 01.
